

Arkivnr: 2017/1180-2

Saksbehandlar: Anne Aune

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	99/17	20.06.2017
Fylkesutvalet		22.06.2017

Fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv i Hordaland**Samandrag**

Saka gjeld re-opptnemning av fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune la i 2003 ansvaret for å vere koordinerende institusjon for privatarkivarbeidet i Hordaland til Fylkesarkivet i Kultur og idrettsavdelinga.

I 2016 tok Riksarkivaren initiativ til å evaluere ordninga med fylkeskoordinerende institusjonar i privatarkivarbeidet. Hovudkonklusjonen er at fylkeskoordinerende ledd for privatarkivarbeid er viktige i den nasjonale strukturen og nettverket for privatarkivarbeidet. Tilbakemeldingane er eintydige på at ordninga generelt har styrka arbeidet med privatarkiv og bør først vidare med enkelte justeringar.

Riksarkivaren ber difor om at fylkeskommunen gjer ei ny vurdering av kven som skal inneha rollen som fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv, eventuelt også i samanheng med planar for nye regionar.

I *Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025* er det første og viktigaste innsatsområde på arkivfeltet *Heilskapleg samfunnsdokumentasjon*. Målsettinga for innsatsområdet er å sikre at alle grupper og enkeltindivid i samfunnet har tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida. For å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon, må det sikrast at både offentlege og private arkiv vert bevarte og gjort tilgjengelege.

Arbeidet med å sikre privatarkiv i Hordaland har vore ei viktig oppgåve for Fylkesarkivet sidan det var etablert i 1992. Fylkesarkivet samordnar privatarkivarbeidet i fylket gjennom eit fagnettverk, er fagleg kompetansesenter og har utarbeidd ein overordna regional bevaringsplan for privatarkiv.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at Fylkesarkivet ved Kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Re-oppnevning av fylkeskoordinerende institusjoner i privatarkivarbeidet
- 2 2003_Koordinerende institusjon for privatarkivarbeid i Hordaland

Fylkesrådmannen, 05.06.2017

Saka gjeld re-oppnemning av fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune la i 2003 ansvaret for å vere koordinerande institusjon for privatarkivarbeidet i Hordaland til Fylkesarkivet i Kultur og idrettsavdelinga. Riksarkivet og ABM-utvikling (no Kulturrådet) hadde året før teke initiativ til å etablere fylkeskoordinerande organ for arbeidet med privatarkiv i alle fylke i landet.

Denne rolla innebar at Fylkesarkivet skulle samordne privatarkivarbeidet i fylket, vere fagleg kompetansesenter og utarbeide ein overordna regional bevaringsplan for privatarkiv.

I 2016 tok Riksarkivaren initiativ til å evaluere ordninga med fylkeskoordinerande institusjonar i privatarkivarbeidet. Hovudkonklusjonen er at fylkeskoordinerande ledd for privatarkivarbeid er viktige i den nasjonale strukturen og nettverket for privatarkivarbeidet. Tilbakemeldingane er eintydige på at ordninga generelt har styrka arbeidet med privatarkiv og bør førast vidare med enkelte justeringar. Riksarkivaren vil kartlegge og synleggjere behov for auka utviklingsmidlar til regionalt planarbeid mm. og for utviklingsprosjekt for arkiv, som grunnlag for revitalisering av nettverket av fylkeskoordinerande institusjonar. Det bør bli ei klarare forankring for Riksarkivarens rolle på privatarkivfeltet i lov/forskrift, og for god ansvarsdeling og samordning. Kulturministeren viste 20.20.2017 i Stortinget til behov for tydelig arbeidsdeling mellom forvaltningsnivåa i arbeidet med privatarkiv.

Riksarkivaren ber difor om at fylkeskommunen gjer ei ny vurdering av kven som skal inneha rollen som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv, eventuelt også i samanheng med planar for nye regionar.

Arbeid med privatarkiv i Hordaland

Arkiva i samfunnet er dokumentasjon som følgje av menneskeleg verksemd. Arkiva inneheld spor etter aktivitet på alle samfunnsområde, både frå nær og fjern fortid, og vert skapte i alle delar av samfunnslivet, i offentlege organ, bedrifter, i organisasjonar og hjå privatpersonar. Dei utgjer ein fundamental del av minnet for enkeltpersonar, for verksemdar og er ein viktig del av den kollektive minnefunksjonen i eit samfunn.

Arkiva er difor ei av dei viktigaste og mest grunnleggande kjeldene våre til kunnskap om samfunn og kultur. Arkiva sin funksjon og evne til å dokumentere rettar og plikter, vedtak og avtalar har til ei kvar tid vore viktige. Dette er med å sikre rettstilstanden, og er ein del av den grunnleggande infrastrukturen som er heilt nødvendig i eit demokrati og ein rettsstat. Historiske arkiv utgjer samstundes fundamentet for kulturarven vår. Bevaring av arkiv er eit middel til å skape og ta hand om kulturell identitet og historisk medvit.

Privatarkiv er arkiv frå alle typar ikkje-offentleg verksemd: privatpersonar, lag og organisasjonar, verksemdar innanfor tenesteyting, samferdsle, produksjon, osb. Slike arkiv kan innehalde informasjon av stor verdi for enkeltpersonar, lokalsamfunn og for samfunnet som heilskap.

Arkivlova (LOV-1992-12-04-126) har som føremål å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskningsmessig verdi, eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at dei vert tekne vare på og gjort tilgjengelege for ettertida. I praksis har arkivlova sikra ei systematisk bevaring av offentleg arkivmateriale, medan bevaring av privatarkiv har vore avhengig av interesse og prioriteringar i bevaringsinstitusjonane.

I Hordaland har fire offentlege arkivinstitusjonar (Bergen Byarkiv, Hordaland fylkesarkiv, Interkommunalt arkiv i Hordaland og Statsarkivet i Bergen) ansvar for å bevare og gjere tilgjengeleg arkiv på kvart sitt forvaltningsnivå – stat, fylkeskommune og kommune. Hordaland fylkesarkiv koordinerer arbeidet med bevaring av privatarkiv i Hordaland, og dei konsoliderte musea i fylket, Lokalhistorisk arkiv Bergen, Universitetsbiblioteket og Senter for industriarkiv i Odda inngår saman med arkivinstitusjonane i eit nettverk for privatarkiv. Ei utfordring er at institusjonane har hatt svært ulike ressursar til privatarkivarbeidet. Dette kjem til uttrykk i store skilnader når det gjeld omfanget av arkivsamlingane og i kva grad desse er ordna, katalogiserte og tilgjengelege for bruk. Mengda bevarte privatarkiv utgjer under 20 prosent av den samla arkivmengda i Hordaland.

I *Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025* er det første og viktigaste innsatsområde på arkivfeltet *Heilskapleg samfunnsdokumentasjon*. Målsettinga for innsatsområdet er å sikre at alle grupper og enkeltindivid i samfunnet har tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida. For å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon, må det sikrast at både offentlege og private arkiv vert bevarte og gjort tilgjengelege. I handlingsplanen er difor eit prioritert tiltak å *samle inn og sikre arkiv som har stor kulturell, rettsleg, forsking- eller forvaltingsverdi*.

For å styrke arbeidet med privatarkiv i Hordaland utarbeidde Fylkesarkivet i 2007 ein samhandlingsplan som skal vere eit rammeverk for privatarkivarbeidet regionalt, i samråd med dei andre arkivinstitusjonane og dei konsoliderte musea i fylket. Institusjonar som arbeider med arkiv innanfor same geografiske område eller samfunnssektor har blitt einige om område for innsamling av privatarkiv. Desse områda er tematisk, geografisk eller som ein kombinasjon av slike kriterier. Sjå <http://www.hordaland.no/nn-NO/arkiv-og-dokumentasjon/privatarkiv-og-minnesamlingar/>

Det er også etablert eit nettverk i Hordaland der institusjonar som arbeider med privatarkiv møtest 2 – 3 gonger i året og diskuterer faglege problemstillingar og utfordringar.

Fylkesarkivet sitt ansvar for privatarkiv i Hordaland

Arbeidet med å sikre privatarkiv i Hordaland har vore ei viktig oppgåve for Fylkesarkivet sidan det var etablert i 1992. I hovudsak har Fylkesarkivet arbeidd på 4 frontar:

- Koordinert arbeidet for privatarkivarbeidet i Hordaland. Denne rolla inneber at Fylkesarkivet samordnar privatarkivarbeidet i fylket, er fagleg kompetansesenter og utarbeider ein overordna regional bevaringsplan for privatarkiv.
- Mottatt privatarkiv med offentlig tilknytning. Jf Arkivlova § 19
- Mottatt arkiv etter private arkivskaparar i heile Hordaland, når desse ikkje er omfatta av innsamlingspolitikken til nokon av dei andre institusjonane i samhandlingsnettverket.
- Rådgjevar for arkivskaparar og bevaringsinstitusjonar om privatarkiv, inkludert fotomateriale.

1. Fylkesrådmannen tilrår difor at Fylkesarkivet, Kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.

2. Fylkesrådmannen ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.